

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten
Oktober 2020

1. Innhald

1.	BAKGRUNN.....	2
2.	OPPDRAGET	4
2.1.	Resultatmål:.....	4
2.2.	Effektmål.....	4
3.	ARBEIDSPROSESSEN	4
3.1.	Prosjektgruppa har bestått av	4
3.2.	Faste dialogmøter med eigar av motorsamlinga	4
3.3.	Samarbeid med Lars Kristen Hansen	4
3.4.	Intervju og møter med bedrifter og interessentar	5
3.5.	Workshop for erfarings- og idéutveksling på tvers av interessentar	5
4.	RESULTAT AV ARBEIDET	5
4.1.	Stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling	5
5.	KONSEPT FOR MOBILISERING	8
5.1.	Mekking og laging.....	8
5.2.	Souvenir og mat.....	9
5.3.	Prat formidling og utstilling	12
5.4.	Alle rundt same bord	12
6.	UTFØRTE FYSISKE OPPGRADERINGAR.....	13
7.	ANBEFALING FOR VIDARE ARBEID	13
7.1.	Fysiske oppgraderingar i fasar	13
7.2.	Samhandling viktigaste konkurransekraft	14
7.3.	Sentrumsutvikling Vik	14
7.4.	Ressursar for vidare framdrift i prosjektet	14
8.	VIK SITT ANSVAR OG POSISJON I DET NYE VESTLAND FYLKE	15
9.	AKTIVITETSPLAN FOR EIT HOVUDPROSJEKT	17
10.	INVESTERINGAR FOR EIT HOVUDPROSJEKT	19

1. BAKGRUNN


Arbeidet med mobiliseringsprosjektet Sjøfronten er ei naturleg oppfølging av allereie gjennomførte studiar og kommunen sin strategiske næringsplan som har vedteke at reiseliv er ei næring som skal satsast på framover. I tillegg og kanskje mest var det behov for å finna ei bærekraftig organisering og ein driftsmodell for forvaltning av eksisterande innhald i Kristianhus, Kristian Otterskred si motorsamling, som etter alt å døma er Noregs mest komplette samling av båtmotorar. I 2019 vart det gjort eit politiske vedtak om at motorsamlinga til Kristian Otterskred skal integrerast som ein av opplevingane i Kristianhus óg i framtida. I tillegg ville prosjektet undersøkje potensiale for korleis fleire lokale aktørar kunne tilby tenester og opplevingar knytt til satsinga i og rundt huset og Sjøfronten i Vik.

Mulighetsstudie for Kristianhus frå 2017 gir anbefalingar om utvikling av produkt som i dag i stor grad er knytt til det friviljuge kulturlivet. Dette betyr at delar av det friviljuge kulturlivet må utvikla seg til bærekraftige næringar med kommersiell drift. Dette kan la seg gjere med kommunen som eigar og tilretteleggjar. Småaktørar kan vera med å bidra til delar av innhaldet, og slik kan fleire unike lokale aktørar utgjere eit godt forankra opplevingstilbod i Kristianhus.

Mobiliseringsprosjektet Sjøfronten har undersøkt og diskutert korleis ein kan leggja til rette for samarbeid mellom eksisterande næringar og sikra at ein kan få fleire bein og stå på. Med utgangspunkt i det levande kulturlivet og motorsamlinga bør det vera mogleg å få framdrift på utvikling av samarbeid for å skapa nye opplevingar og produkt som byggjer opp om kommunen sine strategiar og satsingar.

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten Oktober 2020

Frå «Mulighetsstudie Kristianhus» 2017:



Frå «Strategisk næringsplan»:

Dei tre utviklingsprogramma med til høyrande strategiar som kommunen vil fokusere på over lang sikt er følgjande:

Næringsmangfald	Opplevingar og arrangement	Tilflytting
a) Pådrivar for vekstfokusert vidareutvikling av eksisterande verksemdar innan både primær-, sekundær- og tertiærnæringer b) Fokus på gründerskap c) Aktiv arealpolitikk, med fokus på utvikling av Vangsnes som næringsområde d) Vasskraft som grunnleggande drivkraft	a) Aktivt eigarskap i Visit Sognefjord b) Støttespelar for etablering av hotell / "storstue" c) Pådrivar for utbygging av hytteområde d) Samarbeid mellom kommune, næringsliv og lag/organisasjonar om etablering av organisasjon for felles administrasjon av arrangement	a) Aktivt og strategisk kommunikasjonsarbeid b) Samarbeid mellom næringsliv og skule c) Nettverksbygging i relevante miljø utanfor Vik d) Pådrivar for utbetring av samferdsel e) "Velkomen til Vik"

2. OPPDRAGET

2.1. Resultatmål

- Finna driftskonsept for auka aktivitet i og rundt Kristianhus og Sjøfronten.
- Få innspel og avdekkja lokale initiativ og moglege drivarar av tilleggsaktivitetar ved Sjøfronten.
- Testa aktivitetar og innhald som kan foredla det vi har, og som kan kommuniserast til nye målgrupper.
- Finna løysingar som kan gjera staden attraktiv for heile lokalsamfunnet og besøkjande.

2.2. Effektmål

- Byggja opp om eksisterande næringar i sentrum
- Auka verdiskaping for alle

3. ARBEIDSPROESSEN

3.1. Prosjektgruppa har bestått av

Prosjektleiari:	Odd Rune Turvoll
Fasilitator:	Tone Einelia
Vik kommune:	Turid Kristine Brekke
Reiseliv:	Jorunn Åsfrid Røyrvik
Helse & Trening:	Bjørn Moheim
Jakt & Fiske:	Morten Jacobsen
Ungdomsrep.:	Sivert Fosse Refsdal
Kultur:	Jens Arnvid Brekke
Eksterne:	Torgeir Skåslid, Bratt Moro

Prosjektgruppa hadde 3 møter i perioden august 2019 til mars 2020.

3.2. Faste dialogmøter med eigar av motorsamlinga

- Viktig grunnlag for å veta kva som er blitt gjort, og kva samlinga byggjer på av historie, interessefelt, kva lidenskap ligg til grunn?
- Kvar finn vi potensiale for vidare utvikling?
- Er det mogleg å finna drivarar som kan bli inspirert til å utvikla nye tilbod rundt Sjøfronten med dei føringane som ligg til grunn?

3.3. Samarbeid med Lars Kristen Hansen

- Lars hadde allereie før vi starta mobiliseringsprosjektet lagt ned eit betydelig arbeid for å registrera motorane som fantes i den totale samlinga til Kristian Otterskred. Det er blitt laga eit digitalt arkiv som skildrar kvar enkelt motor; kvar dei er laga, tekniske

data og kva dei var blitt brukt til. Dette er eit heilt unikt arkiv som no ligg ope på nett, og som er tilgjengeleg for alle. Lars har vore ein uvurderleg samarbeidspartnar i prosjektet. <https://komreg.linuxlars.net/gjest/registreringskort/bla/>

3.4. Intervju og møter med bedrifter og interessentar

- Møter, bedriftsbesøk og intervju med nøkkelaktørar skulle avdekkje potensiale og moglegheiter i eksisterande næringar, gjer dei til delaktige i utvikling av nye bærekraftige aktivitet, i og rundt Kristianhus. I kva grad er det vilje og engasjement til samhandling? Få testa ut nokre samhandlingsprosjekt som kunne skapa ein felles ide om korleis fleire kunne vera med å realisera ny aktivitet i eigen bedrift med utgangspunkt i Sjøfronten som arena?

3.5. Workshop for erfarings- og idéutveksling på tvers av interessentar

- Det var planlagt og gjennomføra testaktivitetar som kunne konkretisera og eksemplifisera korleis næringar og kulturliv saman kunne realisera innhald i huset, dette var planlagt å synast fram og vera ein del av programmet i samband med årets Gamalostfestivalen.

4. RESULTAT AV ARBEIDET

4.1. Stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling

I august 2019 tok vi opp dialogen med Kristian Otterskred som i heile sitt vaksne liv har via all ledig tid til å samla motorar som alle fortel ein del av vår felles historie. Det var viktig å få Kristian som ein part i utviklinga av ein plan som kunne sikra at livsverket hans, som vi ser manifestert i motorsamlinga i Kristianhus, får ei verdig framtid. Det var og viktig å setje denne samlinga i relasjon til omverda, og i fyrste omgang til lokalhistoria i Vik. Heile hausten fram til jul var det faste møter med Kristian både i Kristianhus og heime hos han i Arnafjord. Det var ei unik livshistorie vi fekk innsikt i. Hans liv fortel noko generisk om kva ekstreme samfunnsendringar berre nokre få generasjonar av menneskeheita har vore ein del av dei siste 100 åra. Kristian Otterskred høyrer til ein generasjon som kan vera tidsvitne til fleire revolusjonerande endringar i verdshistoria. At han faktisk på sin måte har dokumentert denne delen av historia må seiast å vera unikt. At motorane som objekt kan fortelja oss om den rivande teknologiske utviklinga vi har vore vitne til siste århundre er ikkje vanskelig å forstå. Kanskje akkurat dette kan vera eit bakteppe når Vik no skal satsa vidare på reiselivsnæringar og formidling av si unike lokalhistorie til gjestar frå både fjern og nær. Den lokale verdien er openbar, kva kan ikkje desse maskinene fortelje om utviklinga av eit moderne jordbruk? Kva innverknad hadde dette på livet i bygda? I Vik finn vi i dag teknologibedrifter som i global samanheng er viktige bidragsytarar til stadig nye teknologiske løysingar som gjer liva våre lettare.

Kristian fortel og om skulevegning og vanskelige år i barndomen. Å finna seg til rette og lukkast i skulen rett etter krigen krevde andre ferdigheiter enn dei vi ser etter i dag. Sjølv om det då, som no, gjeld å knekke kodar både sosialt og fagleg. Kristian var glad når han

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten

Oktober 2020

mønstra på sin fyrste båt. Han visste lite om kva han hadde i vente. Men anger har han aldri følt på, sjølv om han skulle verta vitne til brutalitet og knallharde «regime» mot unge gutar som av nysgjerrigheit eller frustrasjon, kanskje alt for tidleg tok hyre på båtar i skipsfarten etter krigen. Han deler óg solskinshistorier om kapteinar som tok ansvar når nokon vart dårleg behandla. I dette miljøet etablerte Kristian nære relasjonar og livslange venskap. Kristian si omsut for dei som fell utanfor blir stadfesta i historiene han fortel. Og våre samtalar rundt verkstaden i Kristianhus dreiar seg mykje om akkurat dette. Korleis kan verkstaden bli ein arena for ungdom som ikkje har sine interesser innafor det tradisjonelle kultur- og idrettslivet? Ungdom møtes på nye måtar, og nettet er blitt ein like reel møtestad som noko anna. Likevel er ein stad å «hengje» saman, noko alle til tider treng. Ha vaksne som bryr seg og som sett av noko av tida si, dette kan vera nok, men heilt avgjerande understreka Kristian.

Parallelt med samtalar og prosess rundt eigarskap og driftsmodell av motorsamlinga, valde vi å starta ein dialog med aktørar i det friviljuge kulturliv og lokale næringsverksemdar. Dette for å ikkje bli låst i forhandlingar, men sikra ein positiv mobiliseringsprosess som peika framover. Ein prosess som kunne stimulera til å finna fellesløyser, og for å tetta dialogen og forståinga på tvers av Otterskred og det lokale kultur- og næringsliv.

Openberre løysingar rundt eigarskap og driftsmodell for motorsamlinga lot vente på seg og gjorde det vanskelig å setje i gang konkrete aktivitetar som vi hadde mål om å gjennomføra rundt jul/nyttår 2019/20. Det var behov for å omdisponera lokalet for å få rom for tilleggsaktivitetar, og det var viktig at Otterskred kjende seg trygg og viss på at endringane ville bidra til auka interesse og eit løft for samlinga han hadde skapt. Samlinga i Kristianhus trengde tynnast ut og spissast, nokre motorar burde byttast ut, andre hadde vi dobbelt opp av, og nokon hadde liten betydning for formidlinga. Alle motorane var veldig plasskrevjande. Det var óg ein del objekt som ikkje peika direkte på motorhistoria, men var plassert der fordi Kristianhus på eit tidspunkt hadde arealet. Desse objekta måtte igjen finne sine rettmessige eigarar. Men kvar skulle vi gjera av det som var til overs og trengte lagringsplass?

Etter fleire rundar med gode krefter i prosjektgruppa for å avdekkja moglege løysingar; alt frå løer, garasjar, lager i og utanfor bygda, museum, osb. fant vi løysinga rett over elva og næraste nabobygg til Kristianhus, AS Vik Trevare i vestre lagerhall på Vetløyrgarden. Vi hadde no god tru på at organiseringa rundt motorsamlinga var snublande nær, men enno tok forhandlingsrundane tid og krefter frå prosjektet. Kristian Otterskred var heile tida med på tankane rundt dei naudsynte endringane, likevel var det utfordringar med å forankra dette til familien, seinare rettmessige arvingar, som sjølv sagt uttrykte uro rundt areal- og kapitalbehovet for vidare satsing på motorsamlinga.

Sjøfronten trengte oppgraderinga som var naudsynt for ein ny sumarsesong, og vi sette deadline for ei løysing. Vi hadde laga ein grundig plan saman med Kristian og lokale interessentar, og vi måtte anten få sett den i verk, eller levera tilbake motorane slik at vi fekk frigjort huset for nye aktivitetar.

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten Oktober 2020

Tidleg på våren 2020 begynte det likevel å tydeleggjera seg ein veg og ei løysing for korleis lokale ressurspersonar kunne bidra i etableringa av ei stifting. Sjølv sagt vart spørsmålet om eigarskap avgjerande for om desse lokale ressursane torde engasjera seg. Heldigvis var det Kristian sjølv som bidrog med den endelege løysinga då han ville gi i gåve til kommunen heile motorsamlinga si. Dette er for såvidt ikkje heilt uproblematisk då ei god forvaltning av samlinga krev fagkompetanse og tidsressursar kommunen sjølv ikkje sat på. Lars. K Hansen og Tore Martin Røyrvik hadde etablert ein veldig god relasjon til Kristian, og dei saman med han og andre ressurspersonar som vart invitert inn, etablerte stiftinga Kristian Otterskred Motorsamling 28.04.2020.

No hadde kommunen ei stifting som kunne bidra til ei kvalifisert forvaltning av motorsamlinga og ein engasjert organisasjon som kunne vere med å utvikla innhaldet i huset, med dei rammene som låg til grunn.

Det vart signert ein 5-årig avtale om bruk av Kristianhus datert 7.07.2020. sjå vedlegg. No vart det og planlagt re-vitalisering og omorganisering av innhaldet i utstillinga samt samarbeidsprosjekt som skulle vera ein del av Gamalostfestivalen i juni. Diverre så har Covid-19 sett ein stoppar for alle arrangementa i 2020.

5. KONSEPT FOR MOBILISERING

Med utgangspunkt i tidligere arbeid og anbefalingar, rapportar og vedtak i kommunestyret utvikla vi ein modell for korleis vi kunne konkretisere idear og få avdekt potensiale hjå aktørane i Vik. Etter innleiande møter med prosjektgruppa og nøkkelaktørar sette vi opp tema som kunne gi ein retning og eit utgangspunkt for diskusjonar og tenking. Dette for å gjera det lettare å konkretisere faktiske behov og inspirere til deltaking og høgtenkning for realisering av ulike samarbeid. Ein anna effekt av å gjera det slik var å få raskt opp aktivitet i og rundt Sjøfronten utan at dette krevde store finansielle løft og fysiske endringar.



5.1. Mekking og laging

Gjennom intervju og møteverksemd kom det tydeleg fram behov for ein uformell møtestad for ungdom. Dette var ikkje berre i Kristian si and, men ei semje på tvers i bygda. Dette bør vera eit supplement til det organiserte idretts- og kulturlivet, som ikkje alle kjenner det naturleg å delta på. Frå verkstaden er det doble dører som gjer det lett å koma inn og ut med maskiner og køyrety. Dette betyr at det lett kan gjennomførast «mekke» aktivitetar utan at dette er til sjenanse for anna aktivitet på huset. I tillegg ligg det som ein del av anbefalinga i muligheitsstudie frå 2017, forslag om korleis den asfalterte plassen kan nyttast til fysisk aktivitet med ei pumtrackbane. Dette kan vera eit steg på vegen. I løpet av mobiliseringsprosjektet er det avdekt stor interesse frå fleire hald når det gjeld denne type lokal møtestad. Stiftinga og enkeltpersonar har argumentert for ein slik aktivitet. Det vil vera unikt om ein får til denne møteplassen som i all hovudsak handlar om ei fellesinteresse

relatert til motor, og som kan vera noko på tvers av kjønn og alder. Slik vi ser det er dette ei bærekraftig og god løysing som har kraft i seg til å skapa noko varig. Her kan ein ute/inneaktivitet knytast til kompetansen i stiftinga og lokale interesser, utan krevjande finansielle løft.

5.2. Souvenir og mat

I Vik finn vi ein rik handverkstradisjon, dette ser vi i eit aktivt husflidslag, som ulike stader er synleg i sentrum av Vik, dei er og aktiv under dei mange festivalane som blir arrangert i Vik. Dei ulike disiplinane av handverk er vel nær sagt alle representert i husflidslaget. Korleis kan denne handverkskompetansen knytast til anna kunnskap og vera til inspirasjon for utvikling av meir fleire kommersielle designprodukt og kanskje økonomisk bærekraftige produksjonar?

Dei mange historiene om «dei reisande» har fått eit eige monument i Vikøyri. Dei reisande kom jamt med sitt handverk og selde gjenstandar til lokalsamfunnet i Vik. Bygdefolket såg fram til at dei kom, då kunne dei supplera og oppgradere kjøkkenutstyret og av og til forlysta seg og kjøpa lysestakar og anna handverk å pynta stovene med. Ein del av denne handverkshistoria finn ein i Motormuseet i dag. Ein god kontakt mellom Kristian, Lars og Jonny Nilsen, der sistnemnde er av reisande ætt har gjort det mogleg å stilla ut og fortelja samanhengar mellom motorhistoria og den unike historia til dei reisande langs fjordane. Ein start på dette samarbeidet kan ein allereie sjå konturane av i Kristianhus no.



Midt i Kristianhus finn vi eit lite hus i huset (gamle turistinformasjonen), som kan vera varmt og godt både sumar og vinter. Her kan det gjennomførast workshops på vinterstid utan at fingrane blir visne. Her kan handverksinteresserte på tvers av sjanger og med hjelp av eksterne fagfolk bli inspirert til å setja tradisjonshandverket sitt inn i nye samanhengar. Vi tenkjer ein vekselbruk der det kan vera produksjonslokale om vinteren og turistinfo og souvenirutsal om sumaren.


I tillegg til eit levande handverksmiljø har Vik sentrum ein butikk, Sogn Gullsmed, ein kommersiell aktør som har vore vesentleg for liv i sentrum i mange tiår. Dei leverer i dag bunadsølv til ein nasjonal marknad, men har og fått til å utvikla eigne produkt som f.eks. dei

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten Oktober 2020

fine sølvbringebera ein kan bera som halssmykke eller brosjé om du vil. Når ein har eit kommersielt drive handverksmiljø som ein synleg og bærekraftig aktør i sentrumshandelen allereie, skulle det vera fullt mogleg å jobba vidare i denne gata med fleire og nye typar produkt. I tillegg har Vik fengsel ein verkstad som har levert produkt som har skapt internasjonal interesse. SAMAN/LÅST er ein kolleksjon spisestuemøblar i eik, designet i Vik fengsel. Dette var eit designsamarbeid mellom møbeldesigner Morten Skjærpe Knarrum og Vik fengsel. Produktnavnet SAMAN/LÅST spegalar både livet bak murane og på korleis møbelseriens oppbygging med tradisjonelle sammenføyingsmetodar gjenntolka til dagens formspråk.



Prosjektet har vunnet flere priser, blant annet Anna Alnæs prisen, og var eit av dei norske bidraga i designutstillingen 100%Norway, i London.



Sjakkbordet er blitt vist under både London Design Festival og «Nordic passion» i Seoul.

Mat er óg handverk, sjølv om Vik er mest kjent for sin råvareproduksjon knytt til jordbruket si frukt- og grøntdyrking, finn vi i dag idealistar som har tatt opp foredlinga som ein del av kjerneverksemda si. Feios is og Vikja kjøt er eksempel på dette. Begge desse bedriftene har tatt utgangspunkt i lokal kunnskap og lokale ressursar som ligg i naturen og tradisjonane i Vik. I tillegg har dei fylgd filosofien om økologisk gardsdrift. Dei har ikkje gjort det enkelt for

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten Oktober 2020

seg sjølv, men dei har tiltrekt seg kunnskap og interesse langt utover kommune/fylkes- og landegrenser. Vikja har utvikla produkta sine i samarbeid med kokkar og restaurantar både i Oslo og Bergen mfl. og dette har resultert i merksemd hjå internasjonale matmiljø. Feios har stadig utvida, og har med veldig viktig hjelp frå andre lokale bedrifter fått på plass eit heilt nytt produksjonslokale i tilknyting til Alm gard i Feios. Dette har betydd at dei etter mange år no har eit overskudd som gjer det mogleg å drifta produksjonen med tilsetjing av nye arbeidstakarar samstundes som dei driv kontinuerleg produktutvikling. No driv dei produktutvikling og nyskapande arbeid for å finna stadig nye distribusjonskanalar for å møte dei rette kundane.

Arkitektur- og kulturinteressa til P.A. Blix gjorde at det i dag er to godt besøkte turistattraksjonar i Vik; Hove stavkyrkje og Hopperstad steinkyrkje. Den lidenskaplege arkitekten hadde fast rom på gamle Hopstock Hotel, Blix-rom. Heilt passende fekk det nye hotellet i Vik namnet Blix hotell etter at hovedbygningen til det gamle Hopstock brant ned og nye eigarar tok over tomte og opna Blix hotel 12.12.2015. Det treng ikkje berre vera kongar og keisararar som får plass i «historiebøkene» det nære og det som kjennes viktig for lokalsamfunnet må vera grunnlaget i den vidare utviklinga, «den autentiske staden» er etterkvart eit særst ettertrakta produkt i reiselivssamanheng. Det er i dag mogleg å kjøpe strikkeoppskrift til Blix-genser på Blix hotell. Og dette saman med eit bringebær om halsen vil vera noko å ta med som minne frå Vik, og noko eit moderne publikum er villig til å betala for. Fleire slike produkt må Vik kunne levera og utvikla om Vik skal setja seg på kartet. Denne måten å formidla lokalhistorie på må jobbast vidare med slik at den spektakulære naturen, lokalmaten og handverket kan bli unike produkt i ei vidare reiselivssatsing.

Fleire samarbeid og nye koplingar, kan vera avgjerande for ei verdiskaping knytt til denne type produkt. Slik kan ein jobba med lokalsamfunnsidentitet og bærekraftige turistrelaterte næringar i same prosess. Marknaden for det nære og autentiske berre veks, nye generasjonar med sterkt medvit og ønskjer om den grønne framtida er på full fart inn som konsumentar av kontemplative og meningsfulle opplevingar og produkt. Dei vil ete lokalmat, vera tett på urørt natur og dei vil (som eit eksempel) bere klede som signaliserer deira verdiar. Vik har ein akkurat det som skal til for å tiltrekkja seg denne stadig aukande marknaden av kresne gjestar, både for kringliggjande kommunar, ein regional marknad og vil opplevast eksotisk for nasjonale og internasjonale marknadsgupper. Sumaren 2020 var vel for mange bygder ein wake-up call ang. kva krav og ønskjer ein lokal og nasjonal marknad er på utskikk etter. Vik er eit døme på eit unik og autentisk stad der folk kan lika å bruka midlane dei har for nye reiser og opplevingar. Norden blir etter alt å døme ein viktig marknad óg for Vik framover, og konkurrentane er ikkje Oslo, Stockholm eller Loen, Vik bør heller samanlikna seg med Røros eller Gotland. For å ta ein unik posisjon i den regionale reiselivssatsinga må Vik nytta dei føresetnadane og fortrinna som fins lokalt. Når folka i Vik trives og folk vel å busetje her veit vi at Vik er blitt ein god stad for óg for tilreisande gjester. Vik er allereie godt i gang, auka samhandlingsfrekvens på tvers av ressursar lokalt, vil vera vesentleg for å kunne utvikla og tilby «high end» produkt som folk er villig å betale for. Det er menneska i Vik som skal levera innhaldet og slik er desse personressursane det viktigaste vi har for å lukkast. Dette betyr at korleis vi jobbar saman, ser moglegheita i oss sjølv og andre, er vesentleg for det vidare utviklingsarbeidet i Vik.

5.3. Prat formidling og utstilling

Så, kva dekkjer vi bordet med, og kven står for underhaldninga?



Det kjem tydleg fram at Vik har ein rik forteljartradisjon, anten det er gjennom kjende enkeltaktørar sine framsyningar i eigen regi eller gjennom bygdas revyar og amatørkor, det boblar og humrast. Jens Brekke er ein lokal kulturprofil som gjennom ulike initiativ er ein produsent av lokal historieformidling, veldig ofte med ein humoristisk tvist. Heftet Tyleskap er ei stadig veksande samling av lokale sognehistorier til glede for alle som skulle ramle over ei utgåve i lokale kioskar eller butikkar. Jens køyrer etter alt å døma dei einaste lastebilen med «NYNORSK LAST» som slagord på lastekarmen. Dette peikar på hans eige språklege engasjement, men er óg ei påminning tilhøyrigheit til og stoltheit for eiga bygd.

Som tidligare lærar på skulen veit han mangt og mykje om både læring, improvisasjon og motivasjon. Så korleis kan han no, med sit engasjement vera med å bidra til at dei unge stemmene i kommunen «grip mikrofonen» og lærar å formidla sine draumar, vitsar eller engasjement gjennom språk og humor? Kombinert med andre miljø, være seg stand-upparar frå regionen eller andre, så kan den lokale forteljargleda vidareførast til dei yngre generasjonar. For nokon må ta over. Og kanskje kan generasjonsskifte skje ved Sjøfronten i uformelle rammer? Og kanskje kan det lukkast å knytast saman med andre litterære interesser som fins i bygda.

5.4. Alle rundt same bord

Med bordet som tematikk, kan nær sagt alle samla seg om ein kreative utviklingsprosessar. Her er det tekstile handverket, trearbeid, metallhandverk, ølbrygging, gamalost og bringebær og underholdning; alt vesentlege ingrediensar for den totale opplevinga. Dugar, serviettar, ølkrus og lysestakar og ikkje minst den sosiale atmosfæren, alt spelar inn på den totale opplevinga. Alt ligg til rette for at vi kan skapa det bordet alle ønskjer å sitja rundt. Dei flotte festivalane og arrangementa i heile Vik, det vere seg Bringebærfestival, Gamalostfestival eller Fres i Fresvik er alle arenaer for uttesting av nye samarbeid og nye produkt på tvers av generasjonar, interesser og kompetansefelt.

6. UTFØRTE FYSISKE OPPGRADERINGAR

For at området rundt Kristianhus skulle bli meir synleg og tiltalande har Vik kommune stått for å bytta rotne kledning, malt heile bygget, montert nye takrenner samt sett inn ny inngang på fjordsida for å geleide cruiseturistar frå den nye flytebrygga og gjennom Kristianhus. Som ein konsekvens av koronapandemien er det usikkert når og i kva omfang cruiseturismen tek seg opp att og dermed kor nyttig den nye inngangen vil være. Uansett vil båtturistar i ei eller anna form ha glede av å vitja Vik, med utgang til sjøen er det skapt potensiale for eit attraktivt park-rekreasjonsområde heilt i sjøkanten, der det på sikt både ligg til rette for servering og anna sosial aktivitet.

Vik kommune har vidare kosta montasje av varmepumpe i verkstaddelen slik at verkstaddelen kan nyttast til verkstadkveldar. Verkstaden skal være tilgjengeleg for forskjellige interessentar. Første verkstadkveld var 23.09.2020

7. ANBEFALING FOR VIDARE ARBEID

7.1. Fysiske oppgraderingar i fasar

På sikt bør ein isolere og innreie det nord-austre skipet slik at ein får eit areal som kan nyttast til fleire innandørsaktivitetar. Her er allereie identifisert lokale initiativ om ein gjenbruksbutikk og som ein soleis bør arbeide for å realisera.

Fram til den nord-austre delen er innreia bør ein gjere om / bruke det allereie isolerte rommet der turistinformasjonen held til tidligare. Størrelsen på dette rommet kan være avgrensande til kva aktivitetar ein kan få inn i bygget allereie no.

Å få inn ein gjenbruksbutikk i den nord-austlege delen byggjer opp om lokal aktivitet og næringsverksemd samt eit tidsriktig konsept med tanke på gjenbruk og bærekraft. Her ligg óg muligheit for å knyta lokal historie som ein finn i innleverte gjenstandar. Objekt som kan vera til inspirasjon for lokal historieforteljing og som kan vera grunnlag for nye kvalitetsprodukt som baserar seg på Vik si historie og handverkstradisjonar. Anten dette kan vera kopla til kurs i Re-design eller vera utgangspunkt og inspirasjon til heilt nye kvalitetsprodukt.

Det er i løpet av mobiliseringsprosessen blitt kartlagt nokre tiltak for ei modernisering av huset innvending. Det har vore diskutert bruk av digitale skjermar til film og anna formidlingsaktivitet, samt eit mobilt lyanlegg som kan flyttast og endrast etter behov. Det er óg anbefalingar å sjå på moglegheita for å bytta ut tre rekkverk med glasrekkverk, dette for å at det som heng av båtar og objekt kan bli synleg, slik vil utstillinga og huset stå fram som moderne og tidsriktig. Det vart og i arbeidet, som vi har gjort saman med eksterne fagpersonar, diskutert ulike løysingar på korleis vi kunne få varme soner i huset. Dette kan gjerast med å installera glashus/drivhus som kan nyttast til matservering, konferansar og kurs. Då vil ein kunne ha små «varmestover», «arbeidsplassar» og «møterom» inne i bygget året rundt. I tillegg vil vi kunne behalda huset meir eller mindre som det er, og det unike er at ein opplever å vera i eit båthus ved sjøen, der utsikten og innhaldet skapar den spektakulære ramma som berre dette huset kan gi. Ein kan og setje opp glas/plexiglas

veggar med ein folie som kan ha funksjon som oppsalgstavler eller annonseveggar om lokale opplevingstilbod ein finn andre stader i sentrum eller i andre bygder i kommunen.

7.2. Samhandling viktigaste konkurransekraft

Viss Vik og bygdene i Vik skal evna å tiltrekkja seg nye tilflyttarar eller gjester som vel Vik som reisemål, må det skapast arenaer og aktivitetar som gir oss erfaring med samarbeid på tvers. Det er ikkje unikt for Vik at ein ofte set på kvar si tue og jobbar eller strevar med sitt. Mekanismane i ei lita bygd kontra ein større by er vesentleg forskjellig. Dette kjem frå tradisjonar og tenking som «fungerte» i ei anna tid. No er det dei bygdene som klarar etablera ein utviklingskultur som vinn terreng. Heldigvis for Vik, er dugnadsviljen enno stor, erfaringar med arrangement og festivalar er vesentlig å byggja vidare på. Men enno, og heldigvis, er det fleire kvardagar enn festdagar. Korleis forhold vi oss til kvarandre då? Korleis bidrar vi til kvarandre sin suksess og korleis kan vi, utan å invadera kvarandre sjå potensiale i konkurranse, og korleis finn vi glede og inspirasjon i at naboen lukkast. Kva kan vi skape saman gjennom ein meir open delingskultur, og korleis kan vi gjennom nye samarbeidsformer skapa dette? Vi har i anbefalingane med det vidare arbeidet lagt inn workshops og samarbeidsaktivitetar for akkurat å skapa erfaringar som kan byggja ned skepsisen vi har til kvarandre og slik utløysa potensiale i kvar enkelt og korleis denne kan koma til sin rette i nye former for samarbeid. Ressursane er enorme, men korleis får vi dei til å virka saman og slik sikra auka verdsskaping for alle?

7.3. Sentrumsutvikling Vik

Ei vidare satsing rundt i og rundt Kristianhus kan bli eit nav i ei strategisk sentrumssatsing. Det har over tid blitt lagt ned godt arbeid med Sjøfronten og viss vi no får gjort prosessar som skapar tettare samhandling mellom lokale ressurspersonar og bedrifter i Vik, vil det leggje til rette for auka potensiale og mogleheitene for knopskyting og grunding av nye bedrifter. I arbeidet med ein sentrumsplan vil det og opna opp for dialog med huseigarar, kommune og nye innhaldsleverandørar. I arbeidet med ein slik plan kan ein aktivisera huseigarar som enno ikkje har tydlege idear eller er usikker på kva dei skal gjera med sine sentrumslokale. Summen av eit slikt strategisk arbeid vil kunna utløysa kapital frå større bedrifter og tiltrekkja seg investeringsvilje og kapital hjå aktørar utafor eiga bygd.

7.4. Ressursar for vidare framdrift i prosjektet

For at planane og ideane som er utvikla skal implementerast er det tilrådd at Vik kommune beheld eigarskapen til prosjektet med dertil tilhøyrande ressursar. Det er vesentleg at ein lokalkjend prosjektstyrar som kjenner kommunen sine planar og strategiar og kan vera den som bind saman aktørar og bedrifter som er relevant for prosjektet i alle fasar. Det er vesentleg for ei vidare satsing at vi mest mogleg saumlaust kan gå vidare med prosessane som er starta. **Relasjonar og idear er skapt i fellesskap, og er vanskeleg å byggja vidare på om det skulle bli ei heilt ny prosjektorganisering og om hovudprosjektet ikkje blir realisert.**

8. VIK SITT ANSVAR OG POSISJON I DET NYE VESTLAND FYLKE

Det er i disse dagar behandla ein ny regional planstrategi på Fylkestinget. Midt i nye Vestland fylke finn vi Vik kommune. Dokumentet skildrar moglegheiter og utfordringar. Nokre av dei utfordringane som er lista opp kan Vik kommune, om dei vil, ha ei vesentleg rolle i å finna løysingar på. Slik kan Vik få ei tydelig stemme i utvikling av eit nytt fylke, samstundes vil ein effekt kunne vere å få tilgang på ressursar når gode eksempel og metodar skal utviklast og resultat skal realiserast.



Utdrag frå regional planstrategi som dette prosjektet i stor grad tar opp i seg:

7. Attraktive stader og gode nærmiljø

Det er viktig å skape gode nærmiljø der folk bur. Mange kommunar i fylket har dårleg tilpassa bustadtilbod. Eit inkluderande og aldersvenleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk. Universell utforming gir alle moglegheiter til dei same tilboda. Gode møteplassar legg grunnlaget for deltaking i samfunnet.

8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv

Eit framsynt kulturliv kan vere med på å setje i gang samfunnsmessige endringar. Nye kunst- og kulturuttrykk må få vekse fram både i forlenging av tradisjonelle former og som nyskaping og utvikling av kulturuttrykk. Kulturlivet bidreg til tilknyting og inkludering. Dugnad og frivillige er ein viktig del av kultur- og idretts- livet i Vestland. Ei utfordring å få eit godt samarbeid mellom frivillige, profesjonelle og det offentlege. Sam- spel mellom profesjonelle og frivillige kan vere ei god oppskrift, og eit godt samverke mellom det offentlege, profesjonelle og frivillige blir ei utfordring framover.

10. Ungdom – trivsel og tilhøyre

Det er ei utfordring for regionen at unge i for stor grad flyttar frå heimplassen utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Fråfall i idretten er aukande, og unge har låg valdeltaking. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyra til ungdom, for å auke trivsel og vilje til å satse i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur, og tilgang til utdanning og bustad, er viktig.)

9. AKTIVITETSPLAN FOR EIT HOVUDPROSJEKT

Nedanfor er nemnt hovudaktivitetar som bør inngå i eit hovudprosjekt.

Hovudmålet er å få til samhandling for auka verdiskaping i lokale bedrifter og organisasjonar.

AKTIVITETAR	DELTAKARAR
-------------	------------

3: Produktutvikling minneprodukt

Inkluderer kurs og workshop med profesjonell prosessleiing	Lokale handverkarar og internasjonale designarar (eksterne kompetansemiljø)
--	---

4: Produktutvikling lokale matopplevingar

Inkluderar kurs og workshop med profesjonell prosessleiing	Lokalmataktørar eksterne kompetansemiljø
--	--

5: Historieforteljing

Inkluderar kurs og workshop med profesjonell prosessleiing	Lokal kompetanse, ungdom, eksterne kompetansemiljø
--	--

6: Utandørs aktivitet / arrangement i tilknytning til verkstad og motorinteresse

Investeringar, utstyr i samband med arrangement)	Stiftinga og lokale samarbeidspartar, ungdom
--	--

7: Pumptrack

Bygge pumptrack i området mellom ute-arealet og elva Vikja. Målgrupper er alle aldersgrupper, lokalt og regionalt.	Kommunen og lokale samarbeidspartar
--	-------------------------------------

8: KOORDINERING AV TENESTER OG AKTØRAR I KRISTIANHUS

Utvikla formidlingskonsept for Kristianhus	Stiftinga, andre lokale aktørar, ekstern kompetansemiljø
Lys-design og montering av mobilt lysanlegg	Luminator og ekstern fasilitator
Utvikla plan for hensiktsmessig ombygginga	
Ombygging	Kommunen eksterne fagfolk (<i>fortrinnsvis lokale bedrifter</i>)

Sluttrapport mobiliseringsprosjekt Sjøfronten
Oktober 2020

<i>AKTIVITETAR</i>	<i>DELTAKARAR</i>
Parallelt med desse samhandlingsprosessane utvikla ein sentrumsplan for Vik. Inkluderer kartlegging av hus, bygningsmasse i privat og offentlig eige. Samordna behov og forankra plan hjå dei involverte.	Prosjektleiing, planavdelinga i kommunen, eksterne arkitektar og prosessleiing
Realisera produkt og initiativ i Vik si reiselivssatsing.	Sølvringen, Visit Sognefjord
Prosjektleiar/eigar	Kommunen

10. INVESTERINGAR FOR EIT HOVUDPROSJEKT

For dei nemnde / føreslegne tiltaka er det gjort vurderingar av assosierte kostnader.

Nedanfor er eit oppsett med forslag om tiltak og fordeling over tid. (Nummereringa 3-8 i tabellen nedanfor relaterer seg til nummereringa i aktivitets-tabellen ovanfor.)

BUDSJETT HOVEDPROSJEKT (i million kroner)		2021	2022	2023	2024	SUM
1	Isolere nord-austre del av bygget	0,50	0,50	-	-	1,00
2	Isolere / oppgradere andre område utanom motorsamlinga	-	0,50	1,00	1,00	2,50
3	Produktutvikling minneprodukt	0,20	0,20	0,20	-	0,60
4	Produktutvikling lokale matopplevingar	-	0,20	0,20	0,20	0,60
5	Historieforteljing	-	0,10	0,10	0,10	0,30
6	Utdørs aktivitet / arrangement i tilknytning til verkstad og motorinteresse	-	0,05	0,05	0,05	0,15
7	Pumptrack	1,00				1,00
8	Koordinering av tenester og aktørar	-	-	-	-	
8,1	Utvikla formidlingskonsept for Kristianhus	0,15	0,15	-	-	0,30
8,2	Lys-design og montering av mobilt lysanlegg	-	0,25	-	-	0,25
8,3	Utvikla plan for hensiktsmessig ombygginga	0,10		-	-	0,10
8,4	Parallelt med desse samhandlingsprosessane utvikla ein sentrumsplan for Vik. Inkluderer kartlegging av hus, bygningsmasse i privat og offentleg eige. Samordna behov og forankra plan hjå dei involverte.	-	0,50	-	-	0,50
8,5	Realisera produkt og initiativ i Vik si reiselivssatsing.	-	-	0,20	-	0,20
8,6	Prosjektleiing/eigar (Vik kommune)	-	-	-	-	
		1,95	2,45	1,75	1,35	7,50

Kostnad for innleid prosessleiing / fasilitator kjem i tillegg.